

VEDTEKNE PÅ KRINSMØTE 19/12 – 1957.

§1.

Brandal Bedehus skal eigast av Brandal krins.

§2.

Hovudformålet med huset er å samle folket til møte om Guds ord. Huset skal brukast av dei organisasjonar og folket i krinsen som vedkjenner seg Guds ord på Luthers kyrkjegrund, og driv verksemda si i samsvar med den kristne moral. Kvar organisasjon får bruke huset etter den tarv som organisasjonen sin arbeidsmåte krev. Skal huset leigast bort utanom dette, må styret i kvart hove konferere med dei som då må vike plassen.

Organisasjonar som har bruk for faste møte eller øvingar gjennom året, sender søknad om dette til styret, slik at det kan verte arbeidd ut ein moteplan. Organisasjonar eller andre utanfor krinsen kan etter løyve av styret få halde møte i huset dersom deira verksemd er tufta på Luthers kyrkjegrund, og arbeider for edruskap, opplysning og framgang til bate for bygda.

§3.

I huset er dans og rusdrykk forbode. Etter vanlege møte skal huset vere stengt kl. 23, men etter festar og basarar kan ein halde oppe til kl. 01,00.

§4.

Til styre vel krinsen 5 – fem – lemer med personlege varamenn. Av styrelemene går to lemer ut første året og tre andre året. Første året etter lutdraging, seinare etter tur. Styrelemene har rett til å seie frå seg attval like lang tid som dei har stade. Styret vel seg i mellom formann, nestformana og kassarar. Årsmøtet nemner opp revisorar. Styrelemene skal veljast mellom dei som etter §2 har rett til å nytte huset, likeeins varamenn.

§5.

Styret skal syte for godt vedlikehald og reinhald av huset. Det skal kalle inn til årsmøte før utgangen av kvart år. På årsmøtet skal det leggst fram revidert rekneskap avslutta pr. 30. oktober. Årsmøtet skal gjerast kjent med oppsløg 5 – fem – dagar foreåt. Styret skal syte for at dei fasthaldne tidene for stenging vert haldne. Den som i ord eller åtfærd fer usømeleg fram, har styret rett å vise ut.

§6.

Byggekapitalen vert å samle inn med frivillege gåver. Kjem ikkje heile byggekapitalen inn på denne måten, må ein ta opp lån mot pant i huset eller kausjon. Styret kan fastsetje at dei som nyttar huset til faste møte og øvingar, skal svare ei årleg husleige. Andre betalar ein viss prosent av bruttoinntekomet som dei har av tilstellingar i huset. Leige skal også alle andre som nyttar huset betale. – Sundagsskulen nyttar huset fritt. –

§7.

Desse lovene kan ikkje brigdast utan at 4/5 av det samla styret, er sannde om det, og får det godkjent av to etterfølgjande årsmøte med minst 3/4 fleirtal. Roysterett har alle som har fylt 21 år.